

Hordaland Teater  
Stend Gamle Hovedgård  
5244 FANA



Dykkar ref

Vår ref

Dato

13/2745

18.12.2013

## Statstilskot for 2014 – tilskotsbrev

Vi viser til budsjettsøknad for 2014.

### 1. TILSKOT FOR 2014

#### 1.1 Tildeling av statstilskot for 2014

Kulturdepartementet tildeler med dette Hordaland Teater eit driftstilskot for 2014 på

**kr 11 242 000**

Tilskotet er løyvd under kap. 324 Scenekunstformål, post 71, jf. Prop. 1 S (2013-2014) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2013-2014).

Det er eit vilkår at Hordaland Teater følgjer opp dei føresetnader og dei krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering som går fram av dette brevet, jf. også vedlagde Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskotsmottakarar som får tildelt driftstilskot frå Kulturdepartementet i 2014.

Stortinget har sett som vilkår for statstilskotet at det ordinære offentlege driftstilskotet blir fordelt mellom dei offentlege tilskotspartane med 30 pst. på regionen og 70 pst. på staten.

Statstilskotet vil bli utbetalt kvartalsvis til konto nr. 3624 25 23258.

#### 1.2 Føresetnader for statstilskotet

Hordaland Teater skal målretta verksemda og utvikla styringssystem som sikrar høg kvalitet og ressursutnytting.

Hordaland Teater må sikra at drifta er økonomisk forsvarleg, mellom anna at likviditeten er god, og at utstyr og bygningar blir haldne ved like. Det må også setjast av tilstrekkelege midlar til investeringar, dessutan til fri eigenkapital for å sikra mot uventa kostnads- og inntektssvingingar.

Utover eventuell kortsiktig driftskreditt kan institusjonen ikkje oppta lån utan å leggja dette fram for departementet. Eventuelt opptak av driftskreditt må godkjennast av styret ved institusjonen før saka blir lagd fram for departementet.

Alle tilskotsmottakarar skal utnytta eigeninntektpotensialet sitt og må aktivt arbeida for å utvikla sine inntektskjelder. Det er derfor viktig at Hordaland Teater sikrar finansieringa av verksemda si også gjennom andre bidrag enn det offentlege tilskotet. Departementet vil følgja opp dette i dialog med kvar enkelt institusjon.

Institusjonar som mottek årleg tilskot, skal normalt ikkje kunne søkja prosjektilskot frå Norsk kulturfond.

Kunst- og kulturtilbodet skal vera tilgjengeleg for alle. Departement minner om at offentleg og privat verksemd retta mot allmenta skal vera universelt utforma, jf. lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsette funksjonsevner. Dette gjeld også nye IKT-løysingar som er retta mot allmenta, jf. § 11 i lova.

Det er ein føresetnad for det tildelte tilskotet at alle som har følgjebevis for funksjonshemma, og som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement, får gratis billett for den som følgjer. Det kan eventuelt gjevast tilbod om rabattordningar som gjer at samla billettpolis for den funksjonshemma og den som følgjer, ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.

#### *Eksternt tilsyn av bygningar og utstyr*

I samsvar med St. meld. nr. 32 (2007-2008) *Bak kulissene* og Innst. S. nr. 157 (2008-2009) skal institusjonane med verknad frå 2009 gjennomføre eksternt tilsyn av utstyr- og eigedomsforvaltinga kvart fjerde år, med rapportar om tilstand, planar, gjennomførte tiltak, kompetanse og organisering. Det skal gjeas reie for korleis Hordaland Teater har følgt opp dette. Rapport frå slike tilsyn med institusjonens plan for oppfølginga skal leggast fram for Kulturdepartementet.

## 2. MÅL

### 2.1 Overordna mål

Det overordna målet for regjeringa sin kulturpolitikk er høgare kvalitet og auka merksemd om innhald frå aktørane sjølv. Det blir venta at institusjonane driv på ein kostnadseffektiv måte og gjev publikum eit tilbod av høg kvalitet. I eit kontrastrikt og mangfaldig samfunn er det vidare viktig å leggja til rette for og fremja eit vidt spekter av røyster og tilbod. Kulturtildet med offentleg støtte må derfor vera allment tilgjengelege, slik at dei som ønskjer det, får høve til å delta i og oppleva eit kulturliv prega av mangfold.

## **2.2 Mål**

Måla for regjeringa sin kulturpolitikk på scenekunstområdet, jf. Prop. 1 S (2013-2014) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2013-2014), er for 2014 følgjande:

1. Eit profesjonelt tilbod av teater-, opera- og danseframstillingar og andre sceneuttrykk over heile landet
2. Høg kvalitet gjennom utvikling og fornying
3. Nå heile befolkninga
4. Effektiv ressursutnytting

## **2.3 Oppfølgingskriterium**

Resultatmål og resultatindikatorar som ligg til grunn for tilskotet i 2014, ligg vedlagt.

## **3. ØKONOMIFORVALTNING OG KONTROLL**

Hordaland Teater må innretta økonomiforvaltninga si i samsvar med dei reglane som går fram av vedlagde Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskotsmottakarar som får tildelt driftstilskot frå Kulturdepartementet i 2014.

Det er ein føresetnad at institusjonen/organisasjonen utarbeider ein plan for disponering av utgifter og inntekter i 2014, jf. pkt. 4 i dei vedlagde retningslinjene. Føresetnaden er vidare at styret/leiinga varsler departementet med ein gong dersom det oppstår vesentlege avvik jamfört med arbeidsbudsjettet eller dei føresetnadene som går fram av tilskotsbrevet, jf. pkt. 2 i dei vedlagde retningslinjene.

Departementet gjer merksam på at regelverket for offentlege anskaffingar, jf. § 1-2 (2) i forskrift om offentlege anskaffingar, fastsett med heimel i lov av 16. juli 1999 nr. 69 om offentlege anskaffingar, også gjeld for selskap, stiftingar, foreiningar og andre sjølvstendige rettssubjekt som får meir enn halvparten av verksemda si finansiert gjennom tilskot (eller lån) frå Kulturdepartementet eller andre offentlege styresmakter eller organ.

### *Pensjonsskyldnader*

Alle kulturinstitusjonar som etter rekneskapslova er definerte som store føretak, må føra pensjonsskyldnader i rekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Mange institusjonar har i dei siste åra erfart ein markert auke i pensjonskostnadene, noko som kan føra til at eigenkapitalen blir redusert og i enkelte tilfelle negativ. Slik auke i pensjonskostnader kjem i stor grad av at det er gjort endringar dei parametrane som ligg til grunn for pensjonsutrekna.

Departementet praktiserer som styringsprinsipp overfor institusjonane at tapt eigenkapital må gjenopprettast innan eitt år. Departementet vil ikkje praktisera dette styringsprinsippet overfor institusjonane når årsaka til rekneskapsunderskot og/eller tap av eigenkapital heilt ut er endringar i utrekninga av pensjonsskyldnader frå det eine året til det andre.

Institusjonane må gjera greie for saka i fotnote til rekneskapen. Kulturdepartementet vil nøye følgja utviklinga i pensjonskostnadene framover og vurdera konsekvensane for drifta av institusjonane.

I samband med innsending av budsjettsøknad for 2015 med årsrapport og rekneskap for 2013 ber vi institusjonen om å fylla ut vedlagde skjema. Skjemaet vil bli oversendt elektronisk til institusjonane.

Opplysningsmålet må sendast departementet **innan 1. mars 2014**.

## **4. ÅRSRAPPORT FOR 2014**

### **4.1 Innholdet i årsrapporten**

Årsrapporten skal leverast i webskjema for budsjettsøknaden for 2016.

a. **Rekneskap 2014**

Rekneskap og balanse skal leggjast fram i skjema for budsjettsøknad 2016.

Rekneskapen må innehalda alle utgifter og inntekter som institusjonen samla har hatt gjennom året. Rekneskapen skal vera revidert.

Styret skal gi ei vurdering av den økonomiske situasjonen (resultat, eigenkapital og likviditet) og vidare utvikling.

b. **Resultatrapp 2014**

Rapporten skal leggjast fram i skjema for budsjettsøknad 2016.

Rapporten skal gjera greie for oppnådde resultat med utgangspunkt i dei mål og rapporteringskrav som er omtalte under i pkt. 2 ovanfor. Rapporten skal dokumentera oppnådde resultat av tiltak og aktivitet. Det må nyttast talmateriale som i størst mogleg grad seier noko om ressursutnyttinga. Der det er aktuelt, skal det nyttast tal for 2013 og 2014 med tilhøyrande plantal for 2015. For eventuelle tiltak som er gjennomførte, men som ikkje har gitt dei føresette resultata, skal det opplysast kvifor målet ikkje er nådd. Resultatrapperinga frå tilskotsmottakaren for 2014 vil danne grunnlag for den rapporteringa departementet skal gi Stortinget.

Styret skal gi ei vurdering av om føresetnadene for statstilskotet er etterlevde, og om resultat og måloppnåing kan vurderast som tilfredsstillande.

Hordaland Teater skal rapportera i samsvar med systemet for mål- og resultatstyring på eige skjema til Norsk teater- og orkesterforening med frist 1. mars.

c. **Likestilling**

Offentlege styremakter og private arbeidsgjevarar er etter likestillingslova § 1a pålagde å arbeida aktivt for å fremja likestilling. Kulturdepartementet er vidare pålagt å rapportera om likestillingssituasjonen på ansvarsområdet sitt i dei årlege budsjettproposisjonane. Institusjonen må derfor gjera greie for arbeidet med likestilling og status for dette arbeidet i 2014. Nærmore opplysningar om dette vil bli gitt i budsjetrundskrivet for 2016.

## **5. FRISTAR I 2014**

### **5.1 Budsjettsøknad for 2015 og årsrapport for 2013**

Fristen for å levera budsjettforslag for 2015 og årsrapport for 2013 i webskjema er 1. mars 2014.

### **5.2 Revidert rekneskap, revisjonsfråsegn og årsmelding frå styret for 2013**

Følgjande dokument skal sendast departementet så snart dei ligg føre og seinast innan 1. juni 2014:

- revidert rekneskap med balanse og notar
- revisjonsfråsegn
- årsmelding frå styret

Dokumenta skal vera signerte. Dokumenta skal skannast og sendast på e-post til følgjande adresse:

postmottak@kud.dep.no

Dersom det ikkje lèt seg gjera å skanna dokumenta, skal dei oversendast til Kultur-departementet på papir.

Med helsing

Christine Hamnen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Bernt Martin Schjerven  
seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskotsmottakarar som får tildelt driftstilskot frå Kulturdepartementet i 2014
- Resultatmål og resultatindikatorar
- Skjema – pensjon

Kopi:

- Hordaland fylkeskommune